



ÅRSMØTE I SYVDE IDRETTSLAG

Tirsdag 12. februar. 2015 kl 19.30

Sakliste

- 1: Godkjenne dei som har stemmerett
- 2: Godkjenne innkalling og sakliste
- 3: Velje sekretær, møteiar og to til å skrive under møteboka
- 4: Årsmeldingar
- 5: Rekneskap
- 6: Medlemskontingent
- 7: Organisasjonsplan
- 8: Val

Årsmelding Syvde Idrettslag 2014

Styret har vore samensett slik:

- leiar Atle Midtbø
- styremedlem Joar Takset
- kasserar Dagrunn Øvregård
- sekretær Øyvind Myklebust
- styremedlem Ronny Løvoll

Varamedlemar:

- Terje Eikrem

Revisorar har vore Geir Nordal og Steinar Nordal.

Valnemda har vorte leia av Kurt Torvanger ilag med Magne Vik og Øyvind Eikrem.


Styret har hatt 4 styremøte, og 3 møter i samband med Blåfelden rett opp. Underteikna har delteke på eit par møte i nemda for Kosterikjedagane 2014 og på årsmøtet i Vanylven Idrettsråd.

Idrettslaget har hatt 184 medlemar.

Styret har arr. ein tur i samband med kåring av vinnerane av Fjelltrimmen, turen gikk til Skåranipa med 30 deltakarar.

«Blåfelden rett opp»: Vi arbeide vidare med tanken frå året før om bedriftscup, og gikk via kjendtfolk til nokre utvalde bedrifter der vi bl. a. spreidde flygeblad. Resultatet vart tre påmelde lag, og vi håper at fleire vil hive seg med i år. Løpet vart arrangert 7. juni og skodde la ein liten dempar på arrangementet for dei som ville sjå på utsikta. Det vart ny deltakarrekord både i konkurranseklassa (249) og i mosjonklassa (62). May Britt Buer som tok gull i NM i motbakkeløp i 2010 og vann Norgescupen same år, sette ny løyperekord på tida 43.50. Arve Rindal forbetra sin eigen personlege rekord med nærare 2 min. og fekk tida 39.07. Han er no blant dei seks som spring «Blåfelden rett opp» på under 40 minutt. Brødrene Jørgen og Anders Aukland deltok både i løpet og på premieutdelinga i Kosteteltet, der det som vanleg var samla mykje folk. 8 løperar representerte Syvde idrettslag ilag med 7 andre som har tilknytning til Syvde.

Fjelltrimmen har vore godt besøkt i 2014, men antall registreringar har gått ned. Dei fleste postane har hatt ein auke unntatt Vassdalsbu. Her var det kraftig nedgang som skuldast ein snøfattig vinter. Talet på dei som har besøkt alle postane har gått litt ned, mens talet på dei som har over 40 poeng aukar.



Hausten 2014 gjorde styret vedtak om å flytte posten ved Tennevatnet. Dette er den minst besøkte posten, og etter at kraftverket i Skår gjorde tilkomsten til Skåradalen enklare vart posten flytta til Skåranipa.

Årets Fjellgeit vart Oddveig Nordal (3) og Fjellbukk vart Joar Takset (2). Mellom dei yngste fjellvandarane var Amalie Røys (3), Anna Kristin Øvregård Thue (2) og Christoffer Røys (2) dei flittigaste. Tone Drage Sørдал vann hotellweekend sponsa av COOP, premien vart trekt ut mellom medlemar som har besøkt alle postane i løpet av året. Styret organiserte bytting og teljing av bøkene og på ein fellestur til Skåranipa den 15. november vart dei beste premierte.

Det har også dette året vorte merka fleire turar og betre skilting enkelte stadar. Den populære rundturen «4 over 1000» med start frå Sætra til Tåbrotet – Lisjeblæja- Blæja- Myrkevasstinden- Sandfjelltua og retur til Sætra er bl.a. ein av turane som no er registrerte på morotur.no.

På forrige årsmøte vart det behandla og vedteke to saker: Treningsrom på Bryggjebuda og «Sykkelprosjekt Røfsdalen». Det vart vald ei nemd som skulle ta seg av sykkelprosjektet medan styret arbeide vidare med å kartlegge interesse og kostnader angåande treningsrom på Bryggjebuda. Etter ei kort tid vart ideen om treningsrom skrinlagt, då bygget vart selt og skulle brukast til andre føremål.

Leiar kalla inn til møte i «Sykkelprosjekt Røfsdalen» der Ane Malene Nygård frå Vanylven Utvikling var til stades. Bjørnar Berge vart vald som leiar.

Per dato har 40 personar valgt Syvde Idrettslag som mottakar til sin grasrotandel, 9 personar kjøpte sesongkort parkering, 3 personar støtta løypekøyring på Øverberg ilag med Hofset AS og Marine Harvest AS.

Av prestasjoner som er utført av medlemar i Syvde IL og som eg har oversikt over, vil eg bl.a. nemne Joar Takset, som besøkte alle Fjelltrimpostane på 16 timar. Han starta på Eidså- Svartetua. Ellers reiste det ein gjeng syklistar for å delta i Birkebeinerrittet, og etter som eg har rekna meg fram til var 10 stk. medlemar i idrettlaget. Her var det mange gode resultat, og eg vil spesielt framheve Oddbjørg Nordal som representerte Syvde IL og klarte merket for andre året på rad. Gratulerer!

Etter initiativ frå Steinar Nordal vart det arrangert swingkurs i gymsalen 7- 8. mars. Dette var eit populært tiltak med god deltaking. (Antal uvisst når årsmeldinga gikk i trykken.)

Styret til slutt takke alle som støttar idrettslaget med sponsormidlar, og TUSEN TAKK til alle som bruker litt av fritida si på å holde hjula igong.

Atle Midtbø- leiar

Årsmelding Øverberg skisenter

Driftsstyret har i 2014 bestått av:

-Arild Midtbø – leiar

-Kåre Lade

-Andre Sandnes

-Bjørn Skår

-Kenneth Halse Eikrem

Vi hadde eit svært snøfattig år, og det vart kjørt berre to turar med trakkemaskina mot slutten av sesongen.

I løpet av sommaren vart bakken reinska for einer og varmestova beisa.

Elles har det vore litt skruing og vedlikehald på trakkemaskina.

Arild Midtbø

-leiar-

Årsmelding Turgruppa

Turgruppa har bestått av:

Silje Ruud (leiar)

Anne Wågen

Eivind Breiteig

Kirsten Våg Vik

Rolf Åge SørDAL

Roar Oseberg

Gunnar Eikrem

Knut Jørgen Oseberg

Sara Larsson

Leiar kalla inn turgruppa til møte 12. mars. Her vart det drøfta og sett opp turar for 2014. Dei frammøtte var alle samde i at vi ville gje eit variert og spanande turprogram dette året, og fekk med oss fleire utanom gruppa til å leie turar. Dette var også fordi ikkje alle i gruppa møtte, og ikkje var å få tak i.

Syvde IL si Facebook-side og heimeside på nett vart nytta til å reklamere for turprogrammet, og til å gje oppdatert informasjon. I tillegg vart to av turane annonsert i Synste Møre. Kanskje burde fleire eller alle turane vore annonsert i lokalavisa, men vi syntest Facebook-sida rakk ut til mange. På det meste hadde 1736 lese annonsering av turar.

Oversikt over turprogrammet 2014:

- **29. mars – skitur til Sandfjelltua.** Turleiar Atle Midtbø.
- **27. mai – kveldstur til Hovlida.** Turleiar Kirsten Våg Vik.
- **14. juni – nattur til Trollkøpshornet.** Turleiar John Willy Klungre.
Grunna skodde gjekk turen til Skåranipa.
- **10. juli – kveldstur til Nystøylhornet.** Turleiar Silje Ruud.
- **21. juli – 4 over 1000: Lisjeblæja, Blæja, Myrkevasstinden og Sandfjelltua.** Turleiar Leon Stranden.
- **10. august – dagstur til Kvanndalshornet.** Turleiar Eivind Breiteig.
Turen vart ikkje gjennomført sidan ingen møtte då Eivind var på plass ved Coop.
- **6. september – dagstur til Blåfjeld (frå Kilebrekka).** Turleiar Silje Ruud.
- **7. september – dagstur til Jønshornet (Ørsta).** Turleiarar Oddbjørg og Steinar Nordal.
- **5. oktober – dagstur til Kyrefjellet og Seten.** Turleiar Jostein Holsvik.
Turen vart avlyst grunna vêret.

Det var bra oppmøte på turane, med unntak av Kvanndalshornet (0 stk) og Nystøylhornet (2 stk). Turleiar saknar meir deltaking, engasjement og dugnadsånd frå medlemmar i gruppa.

Med helsing frå
Silje Ruud, leiar

Paintball team

Har bestått av:

Ole Kristian Midtbø (leiar)

Sigurd Eikrem

Terje Eikrem

Med ein svært fin haust vart det ny interesse for paintball.

Robert Midtbø har organisert facebookgruppe og første samlinga var i haustferien.

Vi har hatt tilhold både på Ripsdalssætra og i Saurdalen (muntleg avklara med grunneigarane i Saurdalen av Arild)

Det har vore 7 samlingar og på det meste 20 deltakarar.

Arild har ordna med luft på brannstasjonen på Fiskå og har i hovedsak vore vakt på samlingane.

Arild Midtbø

«Sykkelprosjekt Røfsdalen»

Nemda har vore samensett slik:

Bjørnar Berge- leiar

Kim Tonny Røys

Steinar Nordal

Styret har ikkje motteke rapport frå nemda, men arbeidet kan oppsummerast slik: Det har vorte utarbeidd ei brosjyre frå Vanylven Utvikling, sykkelløypa er lagt inn på kartet med GPS og det har vorte sendt ein henvendelse til Myklebust sameige for samtykke av planane.

